og sår 2 tønner havre. Elles blir det sagt: «En liden omflød holme, bevokset av lyng og ener, nesten over alt, undtagen et stykke mark på vestre side, der for kort tid siden er blevet opryddet. Ingen tilliggende herligheder».

I 1803 heiter det om Bjørgeholmen: «Ingen udmark eller græsning. Intet brændefang». I 1803 sådde brukaren 1 tønne havre, $^1/_8$ tønne bygg og avla 6 foll. Før 4 storfe og 4 småfe.

1868: 15 mål dyrka jord, 24 mål natureng. Havnegang. Ingen skog eller brensel. Lettdriven. Avlar 2 tønner bygg, 13 tønner havre, 12 tønner poteter, 32 skippund høy. Før 1 hest, 4 kyr, 8 sauer.

Bjørgeholmen har alltid hatt berre ein oppsitjar.

## EIGARAR

Same eigar som Bjørge (amtmann Soelgaard) til 1758. Då kjøpte handelsmann Hans Tode holmen på auksjon. Handelsmannen på Larsgarden, Anders Luth, kjøpte 3 år seinare holmen på auksjon etter Tode. Luth selde 1792 til oppsitjaren. Sjå Brukarar.

## BRUKARAR

1. *Ole Eriksen Hoffseid* (1720—87) rydda holmen. Han kom hit i 1742 eller 1743, fekk festesetel på holmen 1745, og gifte seg 1744 med Birte Pålsdtr. Hundsvær (1715—49). G2g 1750 med Anne Halsteinsdtr. Humla (1703—65). 1766 g3g med Maren Olsdtr. Stokkereit (d. 1784, 44 år.)

2. *Sjur Ellingsen* (f. ca. 1740) av ukjent opphav bygsla 1788, andre kona hans heitte Anne Larsdtr. (f. ca. 1730).

3. *Amund Jonsen Alvik,* f. Opskar, kjøpte holmen til sjølveige 1792. Amund var fødd ca. 1740, og var g. m. Berte Larsdtr. Gudmundset. Han flytte ikkje hit før 1802, Sjur fekk då kår. 1807 skøtte han frå seg til sonen

4. *Lars Amundsen* (f. 1780), g. m. Gjertrud Jonsdtr. Lars flytte 1821 til Rødsetreiten, derifrå 1828 til Blindheimsneset. Bjørgeholmen overteken av

5. *Rasmus Rasmussen Store Nørve* (f. 1783), som bygsla av Lars, og br. til 1838. 1806 g. m. Anne Rasmusdtr. Store Nørve (Rasmus Ingebrigtsen) (f. 1783) Han skal ha hatt det første stoveuret på Ellingsøya, skal ha fått det på skrivargarden i Nørvasundet. Uret vekte stor forundring og mange sleivord frå bygdefolket. Kår hos

6. *Rasmus Halvorsen Emlemsvåg* (f. 1806), som bygsla 1838 og br. til 1872. G. m. Henninge Rasmusdtr. Stor Nørve (1809—77). Kår hos sonen

7. *Rasmus Rasmussen* (1844—1913). Han kjøpte bruket til sjølveige att, av kjøpmann Ole Strøms bo (Strøm hadde 1853 kjøpt Bjørgeholmen av son til ovannemnde Lars Amundsen). Rasmus g. m. Marie Martinusdtr. Gjerset (1849—1940). Sonen

8. *Hans Rasmussen Bjørgeholm* (1877—1960) overtok bruket 1906, same år g. m. Marie Johansdtr. Hellevik, Haram (1879—1967). Svigersonen

9. *Oskar Matiasen Giske* (1902—52) overtok bruket. Kjend for sin innsats med englandsfarten under siste krigen. Omkom ved forlis med «Speideren» på Sørlandet. 1927 g. m. Ingeborg Hansdtr. Bjørgeholm (f. 1907), som sit med bruket framleis.